



Randi Bergem og Finn Ove Båtevik

**Med nynorsk til betre skriving – med skriving  
til betre læring**

Ei kartlegging ved Ulstein vidaregåande skule

Rapport nr. 5

Høgskulen i Volda      Møreforsking Volda

2010

<b>Prosjekttittel</b>	Med nynorsk til betre skriving. Med skriving til betre læring. Kartlegging av status hos elevar pr. ferbruar 2010
<b>Prosjektansvarleg</b>	Møreforskning Volda
<b>Prosjektlei</b>	Finn Ove Båtevik
<b>Oppdragsgivar</b>	Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa
<b>Medforfattar</b>	Randi Bergem
<b>Ansvarleg utgivar</b>	Møreforskning Volda
<b>ISBN</b>	978-82-7692-305-6 (elektronisk utgåve)
<b>ISSN</b>	1891-5981
<b>Distribusjon</b>	<a href="http://www.moreforsk.no/volda.htm">http://www.moreforsk.no/volda.htm</a> <a href="http://www.hivolda.no/rapport">http://www.hivolda.no/rapport</a>

© Forfattar/Møreforskning Volda

Føresegnene i åndsverklova gjeld for materialet i denne publikasjonen. Materialet er publisert for at du skal kunne lese det på skjermen eller framstille eksemplar til privat bruk. Utan særskild avtale med forfattar/Møreforskning Volda er all anna eksemplarframstilling og tilgjengeleggjering berre tillate så langt det har heimel i lov eller avtale med Kopinor, interesseorgan for rettshavarar til åndsverk.

### **Rapport**

Vitskaplege og andre faglege arbeid på høgare nivå enn notat. Både forfattar og institusjon er fagleg ansvarlege for publikasjonen. Arbeida kan vere rapportar frå prosjekt/opplæringsverksemd eller reint teoretiske arbeid av eit visst omfang. Rapportane må vere godt gjennomarbeidde med omsyn til innhald, struktur og språk og innehalde referansar. Rapportane skal vere godkjende av prosjektlei

## **Innhald**

Innhald.....	3
Innleiing.....	4
Presentasjon av resultat.....	5
Oppsummering.....	18
Vedlegg.....	20

## Innleiing

Prosjektet *Med nynorsk til betre skiving - med skiving til betre læring* er eit tverrfagleg skriveprosjekt, som er under utvikling og utprøving ved Ulstein vidaregåande skule. Måla med prosjektet er:

- å gjere elevane til **betre og tryggare nynorskbrukarar** og til betre og meir **reflekterte skivarar**
- å **utvikle ein modell** som aukar både skivinga og refleksjonen rundt eiga og andre si skiving

Prosjektet fokuserer på skiving i alle fag og tanken er at betre skiving skal medverke både til bevisstgjerung og kompetanse i nynorsk og til betre skiving generelt.

Den faglege bakgrunnen for prosjektet er ei oppleving av at elevar med nynorsk som hovudmål har blitt meir usikre i hovudmålet. Ved Ulstein vidaregåande skule er det sett i gang eit prosjekt der føremålet er å prøve å gjere noko med det. Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa medverkar i prosjektet.

119 elevar ved Ulstein Vidaregåande skule er med i prosjektet, med oppstart skuleåret 2009-2010. Tre klasser på studieførebuande program, to på idrett og ein klasse frå tekniske og allmenne fag (TAF) deltek i prosjektet. Tanken er at prosjektet/modellen skal følgje dei same elevane/klassene i VG3 skuleåret 2010-2011, og at modellen eventuelt skal prøvast ut i klasser også på VG1.

### Kartlegging av status

Møreforskning skal følgje prosjektet for å vurdere om det skjer endringar hos elevane i løpet av prosjektperioden. Det gjeld mellom anna med tanke på om elevane meiner dei er vortne meir bevisste og kompetente nynorskbrukarar. I februar 2010 vart det gjennomført ei nettbasert spørjeundersøking blant elevane. Resultat frå spørjeundersøkinga vert presenterte i denne rapporten. Undersøkinga skal følgjast opp våren 2011.

I alt 88 elevar (49 jenter og 39 gutar) av 119 har svart på undersøkinga, det vil seie ein svarprosent på 74. Fordelt på studieprogram er det 56 elevar frå studieførebuande, 20 frå idrett og 12 frå tekniske og allmenne fag som har svart. Alle som er med i undersøkinga har nynorsk som hovudmål.

For å få utdjupande informasjon om elevane sine erfaringar og synspunkt, har vi i tillegg intervjuet to elevar frå kvar av klassene som er med i prosjektet. Til saman ti elevar er intervjuet i to grupper på fem elevar.


Notatet presenterer resultat frå ei kartlegging som er gjort blant elevar som går VG2. Det skal gjennomførast ei ny undersøking blant dei same elevane våren 2011. Føremålet med evalueringa er få fram elevar sine erfaringar med modellen/prosjektet og sjå om det i prosjektperioden skjer endringar i elevane sine oppfatningar om eiga skiving, læring og nynorskkompetanse. I sluttevalueringa skal det også vere fokus på erfaringane til lærarane.

## Presentasjon av resultat

Resultata vert presenterte i samsvar med spørsmåla i spørjeskjemaet (jf vedlegg), og med studieprogram som uavhengig variabel. For at tala ikkje skal vere for små, er idrett og tekniske og allmenne fag (TAF) slått saman i ein kategori og studieførebuande utgjer den andre. Vi registrerer også at det ofte går eit skilje mellom svara til elevane på allmenne fag og dei to andre studieretningane. Difor er det naturleg å analysere materialet langs ein slik dimensjon. Det er derimot relativt liten skilnad i svara frå jentene og gutane. I dei tilfella der det er skilnader som er verd å merke seg, vert slike kommenterte i teksten.

### 1. Liker du å skrive i skulesamanheng?

Prosjektet har fokus på skrivning og på korleis skrivning kan føre til betre læring. Eit av dei første spørsmåla i skjemaet var om elevane liker å skrive.



Ved oppstarten av prosjektet ser vi altså at klart fleire av elevane på studieførebuande studieprogram enn på dei to andre studieprogramma liker å skrive i skulesamanheng.

Blant elevane på studieførebuande er det 34 % som svarer "svært godt" eller "nokså godt" når dei vert spurde om dei liker å skrive i skulesamanheng.

Blant elevane på idrett og TAF er det ingen som liker skrivning svært godt, og 9 % som svarer "nokså godt" når dei vert spurde om dei liker å skrive i skulesamanheng. Vel 34 % av elevane på idrett og TAF seier at dei ikkje liker å skrive.

Det er berre ein svak tendens i retning av at jentene, i nokon større grad enn gutane, liker å skrive i skulesamanheng. Det er 36 % av jentene og 15 % av gutane som liker svært godt eller nokså godt å skrive i skulesamanheng. Samstundes er det 31 % av gutane liker ikkje å skrive, medan det gjeld 14 % av jentene.

Elevane vart oppmoda om å utdjupe kvifor dei liker, eventuelt ikkje liker å skrive i skulesamanheng. Nokre av kommentarane til dei som liker å skrive var:

- *Eg likar å skrive fordi eg må få med meg det faglege stoffet vi går i gjennom*
- *Eg tykkjer det er greitt. Det er i alle fall betre å skrive egne tekstar enn å jobbe med faglege oppgåver. Eg vil og meine det er viktig at dagens elevar lærer å skrive skikkeleg framfor å lære litteraturhistorie og anna "fagleg pensum".*
- *Det er kjekt å skrive i skulesamanheng, så får ein litt avbrekking frå vanleg stoff*
- *Liker å skrive, men tema vi må skrive om er ofte keisame*
- *Fantasien din kan bli utfordra og du vil sannsynlegvis auke både lese og skriveforståinga ved å skrive på skulen*
- *Eg likar å skrive dersom temaet er noko eg interesserer meg for, og noko eg likar. Dette gjeld alle fag. Elles synest eg at norskfaget inneheld for lite skrivning av ulike tekstar (artikkel, novelle, essay, søknad osv) og for mykje historie (gamal språklitteratur osv). Det er det historiefaget er til.*


Som kommentarane viser, er det enkelte som generelt opplever skrivning som positivt, medan andre knyter gleda ved å skrive opp til kva dei skriv om. Det er tankar som grip rett inn i tenkinga bak prosjektet.

Nokre av kommentarane til dei som ikkje liker å skrive var:

- *Det er vanskeleg å uttrykke seg skriftleg*
- *Eg er ikkje flink til å skrive tekstar, eg er mest flink til å skrive fritt der eg ikkje treng noko sjanger eller noko, slags dagbok*
- *Fordi det er kjedeleg og oppgåvene som regel veldig vanskelege*

## **2. Kva tekster liker elevane best å skrive?**

Elevane vart spurde kor godt dei liker å skrive ulike typar tekster, som noveller, kåseri, essay, artiklar, samansette tekster, forteljingar, eventyr. Figuren nedanfor viser svarfordeling på ulike tekster, sortert etter studieprogram.



Elevane som følgjer studieførebuande studieprogram er meir positive til skiving, uavhengig av kva teksttypar det er snakk om.

Dei tekstane som elevane ved studieførebuande trivst aller best med å skrive er **noveller og forteljingar**. I alt 84% av elevane liker svært godt, nokså godt eller godt å skrive forteljingar, eventyr e.l., medan 77 % av dei same elevane svarer "svært godt", "nokså godt" eller "godt" på spørsmålet om kor godt dei liker å skrive noveller. Blant elevane på studieførebuande er det også relativt mange som liker å skrive **artiklar** (64 % svarer svært godt, nokså godt eller godt på spørsmålet om kor godt dei liker å skrive artiklar.)

Elevar på TAF og idrett liker best å skrive **forteljingar og artiklar**. Godt over halvparten (58%) svarer "svært godt", "nokså godt" eller "godt" på spørsmålet om dei liker å skrive forteljingar, eventyr eller liknande. Halvparten (50 %) av elevane liker svært godt, nokså godt eller godt å skrive artiklar.



**Essay og samansette tekster** er dei teksttypene som kjem dårlegast ut med tanke på kva teksttypar elevane, uavhengig av studieprogram, liker å skrive. Forskjellane mellom elevane på studieførebuande studieprogram og dei to andre studieprogramma, illustrerer på mange måtar eit gjennomgåande trekk i figuren. Trass i at slike tekster fell minst i smak hos alle elevar, er det likevel eit fleirtal av elevane på studieførebuande som har ei positiv oppleving av å skrive essay og samansette tekstar. På dei to andre studieretningane er det derimot godt under halvdel som har ei slik oppleving.

### 3. Korleis førebur elevane skrivinga?

Neste spørsmål i spørjeskjemaet handlar om korleis elevane førebur skiving av større skriftlege arbeid i skulesamanheng. Elevane vart bedne om å ta stilling til kor ofte dei bruker



ulike måtar å førebu skrivning på. Ni ulike arbeidsmåtar var nemnde i spørsmålet. For å gje ei mest mogleg leseleg framstilling, er resultatata presenterte i to figurar.



**Å finne fram og bruke kjelder** og **å tolke oppgåva grundig** er dei to arbeidsmåtane som oftast vert brukte av elevane når dei skal førebu skriftlege arbeid. Det gjeld uavhengig av kva studieprogram. Ein større del av jentene (88 %) enn gutane (67 %) seier at dei svært ofte eller nokså ofte finn fram og brukar kjelder.

**Å kladde, lage eiga problemstilling og presisering**, ser ikkje ut til å verte brukt så ofte. I den grad det vert brukt, er det oftast blant elevar på studieførebuande.

**Idemyldring, å skrive disposisjon, lage tankekart og tospaltenotat** er arbeidsmåtar som flest


elevane seier at dei berre av og til, sjeldan eller aldri bruker når dei skal førebu skriftlege arbeid.

Når det gjeld andre måtar å førebu skriftlege arbeid på enn dei som var nemnde i spørjeskjemaet, skriv elevane følgjande:

- *Brukar å prate i lag med andre i klassa og høyre om dei har nokon gode idear*
- *I staden for å skrive ned, så tenkjer eg meg ut ein tekst i hovudet, og baserer teksta mi på det*
- *Finne viktige punkt som er verdt å ta med i teksta, og byggje avsnitt rundt desse punkta*
- *Lagar mine egne notat, og har som regel ei hugsliste nedst i word-dokumentet*
- *Diskuterer med medelevar og snakkar med faglærar*
- *Eg førebur eigentleg ikkje kva eg skal skrive. Eg tar det som det kjem*

#### 4. Synspunkt på og erfaringar med skriftlege kommentarar frå lærarar

Elevane vart bedne om å ta stilling til tre påstandar knytte til deira erfaringar med og synspunkt på skriftlege kommentarar frå lærarane.



Det er vanlegare at elevane ved studieførebuande bruker kommentarane frå lærarane aktivt enn tilfellet er blant elevane på idrett og TAF.

Om lag 54 % av elevane på studieførebuande og 28 % av elevane på idrett og TAF svarar at dei er "heilt einig" eller "nokså einig" i påstanden: **Eg bruker dei skriftlege kommentarane frå lærarane aktivt for at eg skal bli ein betre skrivar**. Det er også vanlegare at jenter i nokon større grad enn gutar bruker dei skriftlege kommentarane for å bli betre å skrive (20 % av jentene er heilt einige i påstanden og 10 % av gutane).

Det er 56 % av elevane ved TAF og idrett og 27 % av elevane på studieførebuande som gir uttrykk for at dei ofte **ikkje forstår kva læraren meiner** med kommentarane.


Den tredje påstanden var: **Eg les ikkje kommentarane eg får på skriftlege arbeid.** Dei aller fleste elevane les kommentarane frå lærarane. Blant dei som er heilt einige, nokså einige eller einige i påstanden (14 %), og som då berre til ein viss grad eller ikkje i det heile les kommentarane, er det flest gutar.

Spørjeskjemaet opna for at elevane kunne gje døme på nyttige kommentarar frå lærarane. Nokre få gav døme, som:

- *Dersom dei presiserer sjangertypiske trekk eg har gløymt i ein tekst, eller hjelper meg til å få ei betre oversikt over kva eg treng å jobbe med.*
- *Godt innhald og fin flyt i teksten. Elles litt språkfeil.*
- *Litt tynt, du må skrive meir*
- *Hugsar ikkje, men eg har hatt ein viss nytte.*
- *Kva som er bra og kva som er dårleg. Og så på kva eg må øve på som kommareglar og liknande*
- *Konkrete feil ein gjer, kva ein bør legge meir vekt på*

## 5. Utdjuping og oppklaring knytt til skriftlege kommentarar frå lærarane

Ovanfor såg vi at ein del elevar, særleg ved TAF og idrett, gir uttrykk for at dei ikkje forstår kva læraren meiner med dei skriftlege kommentarane. Spørsmålet er då kor mange av elevane tek kontakt med læraren når det er kommentarar dei ikkje forstår.




Det er 23 % av elevane som seier at dei svært ofte eller nokså ofte ber om utdjuping av

skriftlege kommentarar, 35 % gjer det av og til, 27 % gjer det sjeldan og 15 % gjer det aldri. Figuren viser at det er relativt liten skilnad mellom elevar på ulike studieprogram når det gjeld kor ofte dei tek kontakt med læraren for å be om utdjuping av skriftlege kommentarar. Det er også små skilnader mellom jenter og gutar når det gjeld å ta kontakt, men ein tendens i retning av at gutar oftare tek kontakt enn jenter.

## 6. Korleis meistarar du nynorsk rettskriving?

Prosjektet *Med nynorsk til betre skrivning - med skrivning til betre læring* har fokus på skrivning som ein viktig del av læreprosessen i alle fag, men det er også eit mål at elevane skal bli betre til å skrive nynorsk. Elevane vart spurde om korleis dei opplever at dei meistarar nynorsk rettskriving. Som nemnt innleiingsvis, har alle elevane, som er med i undersøkinga, nynorsk som hovudmål.



Mange elevar opplever at dei meistarar nynorsk godt, ikkje minst elevane på studieførebuande studieprogram.

Størsteparten av elevane på studieførebuande opplever at dei meistarar nynorsk svært godt (25 %), nokså godt (39 %) eller godt (30 %). Berre vel 5 % meiner at dei meistarar nynorsk rettskriving nokså dårleg eller dårleg.


Blant elevane på TAF og idrett er det halvparten (50 %) som seier at dei meistarar nynorsk rettskriving svært godt eller nokså godt, og 22 % som meistarar det godt. Men blant desse elevane er det 28 % som opplever at dei meistarar nynorsk rettskriving nokså dårleg eller dårleg. Altså langt fleire enn tilfellet er blant elevar på studieførebuande (jf ovanfor).

Det er ein større del av gutane (18 %) enn jentene (2 %) som meiner dei meistarar nynorsk

rettskriving mindre godt.

## 7. Kva hjelpemiddel og strategiar brukar elevane for å betre rettskrivinga i nynorsk?

Neste spørsmål har fokus på kva elevane gjer for å betre rettskrivinga i nynorsk.



**Retteprogram på PC** er det hjelpemiddelet som oftast vert brukt for å betre rettskrivinga i nynorsk, det gjeld uavhengig av kva studieprogram elevane går på. På det punktet er det ein viss skilnad mellom jenter og gutar. i alt 61 % av jentene og "berre" 36 % av gutane seier dei brukar retteprogram på PC svært ofte, medan 28 % av gutane brukar sjeldan eller aldri retteprogram på PC.

**Nettbaserte ordbøker** vert også brukt relativt ofte, 41 % seier at dei svært ofte eller nokså ofte brukar nettbaserte ordbøker.


Om lag halvparten av elevane seier at dei berre av og til eller sjeldan brukar **vanlege ordbøker/ordlister**.<sup>1</sup> Vanlege ordbøker ser ut til å vere litt meir brukt blant jenter enn blant gutar.

Skulen har halde eit kurs i nynorsk rettskriving. I samband med det fekk elevane eit **kompendium**, som inneheld viktige element knytte til nynorsk rettskriving. Totalt svarer 66% av elevane at dei sjeldan eller aldri brukar kompendiet for å betre rettskriving i nynorsk. (44% av elevane ved idrett og TAF og 26% av elevane på studieførebuande seier at dei aldri brukar det).

<sup>1</sup> Med vanlege ordbøker/ordlister er det her meint ordbøker e.l som ikkje er nettbaserte.

## 8. Bøker på nynorsk og nynorskaviser

Følgjande to påstandar vart presenterte for elevane: *Eg er ein ivrig lesar av nynorskbøker* og *Eg les ofte nynorskaviser*. Figuren nedanfor viser svarfordelinga blant elevane, fordelt på studieprogram.




Medan mange elevar ofte les nynorske aviser, er det dei færreste av elevane som vil beskrive seg sjølve som ivrige lesarar av nynorske bøker.

Berre 12 % av elevane oppfattar seg sjølve som ivrige eller nokså ivrige lesarar av **nynorskbøker**, medan 52 % av elevane er heilt ueinige i påstanden *Eg er ivrig lesar av nynorskbøker*. Det er liten skilnad mellom elevar ved ulike studieprogram, men nokre fleire elevar ved studieførebuande enn ved idrett og TAF oppfattar seg sjølve som ivrige lesarar av nynorskbøker. Skilnaden mellom jenter og gutar er svært liten når det gjeld korleis dei oppfattar seg sjølve som lesarar av nynorskbøker.

Når det gjeld **nynorskaviser** svarer 81 % av elevane ved TAF og idrett og 68 % av elevane ved studieførebuande at dei er heilt einige, nokså einige eller einige i påstanden *Eg les ofte nynorskaviser*. Å lese nynorskaviser ser ut til å vere vanleg blant elevane, og det heng sjølvst i hop med at lokalaviser i Ulstein-området er skrivne på nynorsk. (At elevane les nynorskaviser kan ikkje brukast som mål på avislesing meir generelt.) Vel halvparten av jentene (51 %) og 38 % av gutane er heilt einige eller nokså einige i påstanden om at dei ofte les nynorskaviser. Det er altså ein viss skilnad mellom jenter og gutar når det gjeld korleis dei oppfattar seg som lesar av nynorskaviser, men liten skilnad mellom jenter og gutar når det gjeld korleis dei vurderte seg som lesar av nynorskbøker.

## 9. Bruk av nynorsk i nye medium

Skriftleg formidling og kommunikasjon skjer i større og større grad via medium som mobiltelefon og i nettbaserte kommunikasjonsformer. Elevane vart spurde om kor ofte dei bruker nynorsk i slike medium.



Nynorsk har liten plass når elevane skal uttrykke seg skriftleg i nye medium.


Det er 48 % av elevane som aldri bruker nynorsk når dei skriv **tekstmeldingar** (SMS), 32 % bruker det sjeldan, berre 6 % bruker det svært ofte eller nokså ofte, medan 12 % bruker nynorsk av og til når dei skriv tekstmeldingar.

I alt 51 % av elevane bruker aldri nynorsk når dei **kommuniserer med andre på nettet** (MSM, Facebook o.l), 34 % bruker det sjeldan, 4 % av og til og 8 % bruker nynorsk svært ofte eller nokså ofte når dei kommuniserer med andre på nettet. I tekstmeldingar (SMS), chatting på nettet er det dialekt som dominerer (jf intervju med elevane).

Det er 33 % av elevane som skriv svært ofte eller nokså ofte nynorsk i **e-postar**, 26 % gjer det av og til, 24 % gjer det sjeldan og 17 % skriv aldri nynorsk i e-postar. Å skrive nynorsk er altså meir vanleg i e-postar enn i SMS og chatting på nettet. Det kan vere fordi e-post oftare vert brukt i meir formelle samanhengar, og sjeldan i kommunikasjon med venner. Intervjua med elevar stadfestar det.

## 10. Er det viktig å skrive nynorsk?

Elevane vart bedne om å ta stilling til følgjande påstand: *For meg er det viktig å skrive nynorsk*. Figuren nedanfor viser elevane sine oppfatningar om det.



Sjølv om det her er snakk om elevar som alle har nynorsk som hovudmål, er det ikkje alle som synest at det er viktig å skrive nynorsk. Det er likevel eit klart fleirtal av elevane som er positive til å skrive nynorsk.

Det er ein litt større del av elevane på studieførebuande enn på idrett og TAF som er heilt einige i at det er viktig for dei å skrive nynorsk. Og det er ein litt større del av elevane på TAF og idrett enn på studieførebuande som er heilt ueinige i påstaden om at det er viktig for dei å skrive nynorsk. Men i det store og heile er det relativt liten skilnad mellom elevar på ulike studieprogram med tanke på kor viktig det er å skrive nynorsk.


Det er ein liten skilnad mellom jenter og gutar på dette spørsmålet. Blant jentene er det 58% som er heilt einige eller nokså einige i at det er viktig for dei å skrive nynorsk, medan det gjeld 39 % av gutane. Det er 32 % av gutane og 21 % av jentene som er nokså ueinige i eller heilt ueinige i at det er viktig for dei å skrive nynorsk.

#### 11. Bruk av nynorsk i framtida

Til slutt i spørjeundersøkinga vart elevane presenterte for påstandane:

- Eg reknar med å bruker nynorsk også i framtida i studiesamanheng
- Eg reknar med å bruker nynorsk også i framtida i arbeidslivet
- Eg reknar med å bruker nynorsk også i framtida i private samanhengar





Eit klart fleirtal av elevane ser føre seg at dei også vil bruke nynorsk i framtida. Likevel er det ein ikkje ubetydeleg del av elevane frå Ulstein som reknar med at dei kan kome til å slutte å bruke nynorsk både i studiesamanheng, i arbeidslivet og i private smanhengar.

Ein firedel av elevane (25 %) meiner at dei heilt sikkert kjem til å bruke nynorsk i **studiesamanheng**. Ein noko større del av elevane på studieførebuande (30 %) enn på idrett og TAF (16 %) er sikre på det. I alt 48 % trur dei kjem til å bruke nynorsk i studiesamanheng, medan 12 % meiner det er lite truleg, og 15 % er usikre (12 % ved studieførebuande og 19 % ved TAF og idrett er usikre).

Det er 16 % av elevane som er sikre på at dei kjem til å bruke nynorsk i **arbeidslivet** og halvparten (50 %) trur at dei kjem til å bruke nynorsk i arbeidslivet. Blant dei som er sikre eller trur at dei kjem til å bruke nynorsk i arbeidslivet er det liten skilnad mellom elevar på dei ulike studieprogramma. Så mange som 22 % av elevane meiner det er lite truleg at dei kjem til å bruke nynorsk i arbeidslivet. (27 % av elevane på studieførebuande og 13 % av elevane på TAF og idrett). I tillegg er det 15% av elevane som er usikre på om dei kjem til å bruke nynorsk i arbeidslivet (19 % av elevane på TAF og idrett og 9 % av elevane på studieførebuande).

Ein del elevar ser for seg at det ligg forventningar til å bruke bokmål når dei kjem ut i arbeidslivet. I intervju fekk vi stadfesta det inntrykket. Når det gjeld kva språk som skal brukast i arbeidslivet gir elevane uttrykk for at dei vil tilpasse seg krav og forventningar som arbeidsgjevar har.

Når det gjeld å bruke nynorsk i framtida i **private samanhengar**, er resultatata relativt like det som kom fram når det gjeld å bruke nynorsk i arbeidslivet.

### **Oppfatningar om prosjektet/modellen og om nynorsk meir generelt**

I intervjuet med elevar snakka vi først og fremst om det å bruke nynorsk og kva erfaringar dei har med modellen/prosjektet.

#### **Om å bruke nynorsk**

Elevane seier at dei skriv nynorsk fordi det er naturleg og ligg nærast talespråket. Med unntak av skuledebattar før Stortingsvalet, er det svært lite fokus på temaet nynorsk.

Elevane snakkar sjeldan seg i mellom om temaet nynorsk. Sjølv om dei skriv nynorsk no, gir mange uttrykk for at det kan vere aktuelt å skrive bokmål i arbeidslivet.

#### **Nokre synspunkt**

- *Vi snakkar nynorsk og då er det greitt for oss å skrive det. Vi skriv nynorsk på skulen i alle fall. Formelle brev kan hende vert på bokmål, og så dei som brukar bokmål sjølve.*
- *Eg skriv bokmål til venner som eg har i Oslo.*
- *Vi har nynorskbøker i dei fleste faga, og det gjer det også lettare å skrive nynorsk i alle fag. Men det er greitt for oss å bruke både bokmål og nynorsk.*
- *I skjønnlitteratur er det innhaldet som er viktig, ikkje om boka er på bokmål eller nynorsk.*
- *Det er viktig å ha eit eige norsk språk. Å skrive bokmål vert på ein måte falskt for meg.*
- *For meg spelar det inga rolle det med nynorsk.*
- *Eg synest det er viktig å ta vare på det nynorske språket fordi det er ein del av kulturen vår.*
- *Det er ikkje bra for nynorsk og skrivinga når vi av og til ikkje får tak i skulebøkene på nynorsk. Då vart det fort til at vi brukar bokmålsord/omgrep fordi vi oftast bruker det som står i bøkene vi har i faga.*
- *Det er greiare for nynorsken vår at vi har færre ord å velje mellom. Til fleire ord som kan brukast, til meir nærmar vi oss bokmål.*
- *Vi føler kanskje at dei som brukar bokmål ikkje forstår oss like godt som vi forstår dei, vi synest det er greitt å lære bokmål og er villige til å tilpasse oss.*

#### **Om prosjektet/modellen Med nynorsk til betre skriving – med skriving til betre læring**

Elevane har ingen klare forventningar til prosjektet som er i gang ved skulen. Somme har jamvel ikkje oppfatta at det er sett i gang eit prosjekt med ein modell som skal prøvast ut/utviklast.

- *Er det det med å skrive korte tekstar? Det er veldig greitt med korte tekster, for då må du tenke meir på kva du skal skrive .*
- *Men det var vanskeleg i kjemi for det er så mykje å forklare som er vanskeleg å gjere kort, og i tillegg skal vi tenke på at andre skal forstå det vi skriv.*
- *Vi må setje oss veldig godt inn i stoffet for å klare å velje ut det som er aller viktigast å skrive om når det berre skal vere ein kort tekst. På den måten lærer vi nesten stoffet betre enn når vi skriv lange tekster, for då treng vi ikkje vere så kritiske til det vi skal skrive.*
- *Det vert for mykje fokus på form og kanskje for lite på innhaldet.*

- *Det gav meg veldig god trening i å gje respons. Når du ser på andre sine tekster, ser du at oi, kanskje eg også har gjort den feilen i min tekst.*
- *Eg lærer best når eg skriv.*
- *Det kan vere risikabelt når karakteren i eitt fag får konsekvensar for karakteren i andre fag. Eg kan vere god å rekne i kjemi, men kan få dårleg karakter fordi rettskrivinga mi var dårleg når eg skreiv ein artikkel i det faget.*
- *OK på den måten at vi slepp å skrive to tekster i to ulike fag, vi får samla det i ein tekst. Vi lærer å skrive rett i fleire fag, ikkje berre i norsk.*
- *Lærer betre norsk dersom ein også skriv det i andre fag. Det kan tenkast at det påverkar bruken av nynorsk i andre samanhengar enn på skulen – til dømes viss vi skal halde eit foredrag i arbeidssamheng.*
- *Det kan hende vi tenker meir over det å bruke nynorsk enn vi ville gjort elles. Vi har lært å formidle stoff på ein annan/ny og kanskje betre måte, uansett om vi kjem til å bruke nynorsk eller bokmål.*
- *Vi har ikkje fått nok informasjon om kva som er viktig og ikkje viktig når vi skal skrive tekster, til dømes at det er viktig med topptekst og botntekst.*
- *Så må lærarane samkøyre seg, særleg når det gjeld dei formelle sidene ved ein tekst. "Kva er lov - ikkje lov?"*
- *Det kan hende eg vart meir interessert dersom eg visste det var eit prosjekt. Eg tenkte det kanskje var eit opplegg/noko nytt som var sett i gang for heile landet.*
- *Ideen med prosjektet er god.*

Nokre elevar viste til at prosessorientert skiving var prøvd i utvalde fag, og erfaringane deira var positive. Dei har tru på at det er viktig å lære å skrive i alle fag, og at det fremjar læring, både når det skiving, rettskriving og nynorskkompetanse, men også med tanke på å lære innhald i faget. Fleire hadde stor sans for skriveprosessar der elevane gir respons på kvarandre sine skriftlege arbeid. Det gir trening både i å gi og ta i mot kommentarar. Men det bør ikkje bli berre slike prosessar. Det må vere variasjon. Elevane er også redde for at fokus på skiving og rettskriving i andre fag enn norsk, skal øydelegge for karakteren i dei andre faga.

## Oppsummering

Hovudpoenget med denne kartlegginga, som er gjort blant elevar ved Ulstein Vidaregåande skule, er å ha eit samanlikningsgrunnlag for evalueringa som skal gjennomførast våren 2011. Men resultatata som er presenterte i dette notatet kan sjølvstendig brukast som eit sjølvstendig materiale, som kan gje signal som skulen kan bruke i arbeidet vidare. Nedanfor følgjer ei oppsummering av resultatata frå kartlegginga, som vart gjennomført i februar 2010.

- Klart fleire av elevane på studieførebuande studieprogram enn på dei to andre studieprogramma liker å skrive ved oppstarten av prosjektet.
- Enkelte opplever skiving generelt som positivt, medan andre knyter gleda ved å skrive opp til kva dei skriv om. Det er tankar som grip rett inn i tenkinga bak prosjektet.
- Elevane som følgjer studieførebuande studieprogram er meir positive til skiving, uavhengig av kva teksttypar det er snakk om.

- Å finne fram og bruke kjelder og å tolke oppgåva grundig er dei to arbeidsmåtane som oftast vert brukte av elevane når dei skal førebu skriftlege arbeid.
- Det er vanlegare at elevane ved studieførebuande bruker kommentarane frå lærarane aktivt enn tilfellet er blant elevar på idrett og TAF.
- Mange elevar opplever at dei meistarar nynorsk godt, ikkje minst elevane på studieførebuande studieprogram.
- Retteprogram på PC er det hjelpemiddelet som oftast vert brukt for å betre rettskrivinga i nynorsk.
- Mange les ofte nynorske aviser, medan dei færraste av elevane vil beskrive seg sjølve som ivrige lesarar av nynorske bøker.
- Nynorsk har liten plass når elevane skal uttrykke seg skriftleg i e-postar, i tekstmeldingar (SMS) og i chatting på nettet.
- Sjølv om alle elevane som er med i undersøkinga har nynorsk som hovudmål, er det ikkje alle som synest at det er viktig å skrive nynorsk. Det er likevel eit klart fleirtal av elevane som er positive til å skrive nynorsk.
- Eit klart fleirtal av elevane ser føre seg at dei også vil bruke nynorsk i framtida. Det er likevel ein ikkje ubetydeleg del av elevane frå Ulstein som reknar med at dei kan kome til å slutte å bruke nynorsk både i studiesamanheng, i arbeidslivet og også i private samanhengar.

## Vedlegg

## Undersøking blant elevar ved Ulstein vidaregåande skule

Prosjektet *Med nynorsk til betre skrivning. Med skrivning til betre læring* er eit tverrfagleg skriveprosjekt, som er under utvikling og utprøving ved Ulstein vidaregåande skule. Målet med prosjektet er å gjere elevane til betre og tryggare nynorskbrukarar, og til betre og meir reflekterte skivarar. Det er også eit mål å utvikle ein modell som aukar både skrivninga og refleksjonen rundt eiga og andre si skrivning.

Denne undersøkinga er ei kartlegginga blant elevane i klassene, som er med i prosjektet. Møreforsking i Volda gjennomfører kartlegginga på oppdrag for Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa (Nynorsksenteret, lokalisert ved Høgskulen i Volda).

Det er frivillig å vere med, men vi håper at du vil svare. Du er sikra at informasjonen vert behandla konfidensielt, og dei som behandlar informasjonen har teieplikt. Når undersøkinga er ferdig vert alle data anonymiserte.

Finn Ove Båtevik ved Møreforsking Volda er ansvarleg for kartlegginga.

---

### 1) Kjønn

Kvinne  Mann

---

### 2) Studieprogram

Studieførebuande  Idrett  Tekniske og allmenne fag

---

### 3) Bruker du nynorsk som hovudmål?

Ja  Nei



---

### 4) Liker du å skrive i skulesamanheng?

- Ja, svært godt  
 Ja, nokså godt  
 Ja, litt  
 Nei, eg likar ikkje å skrive

---

### 5) Det er fint om du her skriv litt om kvifor du liker å skrive i skulesamanheng, eventuelt kvifor du ikkje liker å skrive

**6) Kor godt liker du å skrive følgjande teksttypar?**

	Svært godt	Nokså godt	Godt	Nokså dårleg	Svært dårleg	Veit ikkje
Noveller	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>
Forteljingar, eventyr o.l	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>
Kåseri	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>
Essay	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>
Artiklar	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>
Samansette tekster (digital tekst med lyd, bilete og skrift)	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>

**7) Du skal førebu skiving av større skriftlege arbeid i skulesamanheng. Kor ofte bruker du følgjande arbeidsmåtar?**

	Svært ofte	Nokså ofte	Av og til	Sjeldan	Aldri
Tolkar oppgåva grundig	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>
Lagar ei problemstilling	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>
Lagar mi eiga presisering/avgrensing av oppgåva	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>
Bruker idemyldring	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>
Skriv tospaltenotat	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>
Lagar tankekart	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>
Skriv disposisjon	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>
Kladdar/skriv utkast av ein del avsnitt	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>
Finn fram og bruker kjelder	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>
Anna	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>

This box is shown in preview only..  
The following criteria must be fulfilled for this question to be shown:  
Anna - Svært ofte

or  
 Anna - Sjeldan  
 or  
 Anna - Av og til  
 or  
 Anna - Nokså ofte

**8) Dersom du svarte "anna" på spørsmålet ovanfor, kan du presiere her korleis du elles førebur skrivinga di**

---

**9) Ta stilling til påstandane nedanfor (gjeld skriftlege arbeid):**

	Heilt einig	Nokså einig	Nokså Einig	Heilt ueinig	Heilt ueinig
Eg bruker dei skriftlege kommentarane frå lærarane aktivt, for at eg skal bli ein betre skrivar	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>
Eg forstår ofte ikkje kva læraren meiner med kommentarane	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>
Eg les ikkje kommentarane eg får på skriftlege arbeid	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>



**10) Tek du kontakt med læraren og ber om utdjuping av skriftlege kommentarar du ikkje forstår eller som du er usamd i?**

Svært ofte    Nokså ofte    Av og til    Sjeldan    Aldri

**11) Det er fint om du her gjev døme på type kommentarar frå lærarane, på skriftlege arbeid, som har vore nyttige.**

---

**12) Korleis meistrar du nynorsk rettskriving?**

Svært godt  
 Nokså godt  
 Godt



- Mindre godt  
 Dårlig
- 

**13) Når eg arbeider for å betre rettskrivinga mi i nynorsk:**

	Svært ofte	Nokså ofte	Av og til	Sjeldan	Aldri
Bruker eg nettbaserte ordbøker	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>
Bruker eg retteprogram på pc-en	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>
Bruker eg vanlege ordbøker/ordlister	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>
Bruker eg kompendiet, som eg fekk til kurset i nynorsk rettskriving i haust	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>
Studerer eg læraren sine rettingar og kommentarar til skriftlege arbeid	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>



**14) Ta stilling til påstandane nedanfor:**

	Heilt einig	Nokså einig	Einig	Nokså ueining	Heilt ueinig
Eg er ein ivrig lesar av nynorskbøker	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>
Eg les ofte nynorskaviser	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>




**15) Kor ofte bruker du nynorsk (ikkje dialekt) i samanhengane som er nemnde nedanfor?**

	Svært ofte	Nokså ofte	Av og til	Sjeldan	Aldri	Eg bruker ikkje dette verktøyet
SMS	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>
Chatting på nettet	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>
E-postar	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>

**16) Ta stilling til påstanden: For meg er det viktig å skrive nynorsk**

- Heilt einig  
 Nokså einig

- Einig  
 Nokså ueinig  
 Heilt ueinig  

- 

**17) Vurder påstanden: Eg reknar med å bruke nynorsk også i framtida:**

	Heilt sikkert	Truleg	Lite truleg	Veit ikkje	Eg har bokmål som hovudmål
I studiesamanheng	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>
I arbeidslivet	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>
I private samanhengar	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>

---

© Copyright www.questback.com. All Rights Reserved.

## Intervjuguide

### Med nynorsk til betre skriving

#### Innleiing

Bakgrunn: Det tverrfaglege skriveprosjektet som er sett i gang ved UVS dette skuleåret, med ei målsetjing om å integrere språkopplæring og bruk av eige hovudmål i alle fag.

1. Først litt om det å bruke nynorsk
  - a. Opplever du at det er viktig for deg og dei i klassen din å bruke nynorsk i skriftleg samanheng.
    - i. Kor tid er det eventuelt viktig?
    - ii. Kor tid er det ikkje viktig?
    - iii. Når det gjeld bruk av nynorsk i skulen – er det viktig berre i norsktimane, eller er det også viktig i fag som naturfag, samfunnsfag, osv?
    - iv. Kan ein bruke nynorsk i alle typar tekstar i alle fag, med unntak av framandspråk? Kvifor, kvifor ikkje?
  - b. Er bruk av nynorsk i skriftleg samanheng noko som de er opptekne av, som fører til debattar blant elevane/ungdom i skulen eller elles?
    - i. Kva synspunkt gjer seg eventuelt gjeldande i slike diskusjonar?
2. De er som elevar ved UVS med på prosjektet "Med nynorsk til betre skriving"
  - a. Kva veit de om prosjektet?
  - b. Korleis blir prosjektet teke i mot blant elevane?
    - i. Blir det på nokon måte diskutert blant elevane? Kva blir eventuelt sagt om dette?
    - ii. Kva forventningar har de og dei andre elevane?
    - iii. Kva erfaringar har ein prosjektet så langt?
  - c. Eit av målet med prosjektet er at ein skal lære meir om å skrive på dei ulike faga sine eigen premissar. Kva trur om å bruke norskfaget og nynorsk på ein slik måte?
    - i. I kva grad kan dette vere til hjelp i skriveopplæringa?
    - ii. I kva grad kan dette vere med til å gjere det lettare å bruke nynorsk til "meir enn det å skrive stil i norskfaget" ?
  - d. Idrett: Treningslære og historie i tillegg til norsk – kva synest de om å skrive fagtekster i desse faga?  
Studieførebuande: Kjemi og IKT i tillegg til norsk – kva synest de om å skrive fagtekster i desse faga?
3. I kva samanhengar (privat/skulesamanheng) er det naturleg for dykk å bruke nynorsk/ikkje bruke nynorsk? I kva grad tenkjer de over om de skal bruke nynorsk i desse samanhengane?